

Etiske retningslinjer

Alsaker Fjordbruk er eitt av dei leiande oppdrettskonserna i Noreg når det gjeld produksjon av laks. Fokuset vårt er å gjera det me er best på!

Dette betyr at me konsentrerer oss om produksjon av laks; Frå innlegg av rogn, til settefisk og vidare til matfisk og slakteri. Sluttproduktet vårt er sløyd, fersk laks i kassar for den internasjonale marknaden.

Alsaker Fjordbruk AS med dotterselskap inngår i konsernet Meidell AS.

I dette dokumentet vil ein heretter bruke «Alsaker Fjordbruk» som felles nemning på alle selskapa i Meidell konsern. Dokumentet legg premissane for korleis vi i Alsaker Fjordbruk forhold oss til kvarandre og omgjevnadene våre. Konsernet vel å samarbeida med leverandørar som følgjer same prinsipp. I dette dokumentet seier vi kva som blir forventa av leverandørar, forretningspartnarar, styremedlem, leiarar og tilsette i selskapa samt innleigde konsulentar som opptre på vegne av verksemda.

Dei etiske retningslinjene våre byggjer blant anna på dei 10 prinsippa for samfunnsansvar utgitt av FN (UN Global Compacts).

Forhold til omverda

1. Vi opptre på ein måte som sikrar selskapa sin nøytralitet, truverd og integritet

Det er viktig for Alsaker Fjordbruk at omverda har tillit til oss og at vi har eit godt omdømme. Alle styremedlem, leiarar, tilsette og innleigde er ansvarlege for å bidra til dette.

2. Vi følgjer lover og reglar

Vi følgjer til ei kvar tid gjeldande lover, reglar og standardar, sjølv om det fører til meirkostnadar eller forseinkingar. Alle har ansvar å sikra etterleving av standardar og restriksjonar som kjem fram av lovgjevinga, og styremedlem og leiarar har eit særleg ansvar for å sjå til slik etterleving.

3. Vi legg vekt på fiskevelferd, miljø og klima

For Alsaker Fjordbruk er god fiskevelferd svært viktig. Me har fokus på fiskevelferd og biosikkerheit på alle nivå, frå rogn blir lagt inn til fisken ender opp på slakteriet. God opplæring av tilsette, tilsyn frå veterinærar, godt fôr, gode lokalitetar og oppfølging av produksjon står sentralt i drifta vår.

Verksemda vår skal fremja ein ansvarleg klimapolitikk og overhalda relevante nasjonale og internasjonale standardar. Vi har fokus på utvikling og bruk av miljøvennleg teknologi og løysingar. Vi tek omsyn til klima og miljø der dette er naudsynt.

4. Vi viser respekt for menneske- og arbeidstakarrettar

Alsaker Fjordbruk respekterer FN si erklæring for menneskerettar og unngår å bli involvert i brot på desse. Vi sikrar arbeidstakarane sine rettar så som organisasjonsfridom og rett til kollektive forhandlingar, forbod mot barnarbeid eller diskriminering i samband med tilsetjing. Vi legg ILO sine kjernekonvensjonar til grunn for verksemda, og har stadfesta dette i ei særskild sjølvverklæring om sosial ansvarlegheit.

5. Vi sørgjer for riktig informasjon til kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar

Alsaker freistar å ha eit ope forhold til sine kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar. Konkurransesensitiv informasjon er underlagt teieplikt og skal handsamast fortruleg.

6. Vi kommuniserer tydeleg og korrekt

Verksemda vår kommuniserer ope og presist med alle interessegrupper og sørgjer for at viktig informasjon blir gitt til rett tid. Kommunikasjon mot media og offentlegheit skjer i samsvar med særskilde retningslinjer og gjeldande fullmakter.

Arbeidsform

7. Vi fattar vedtak på eit solid fagleg grunnlag og på rett nivå

Alsaker Fjordbruk fattar avgjerd basert på solide faglege vurderingar og analysar av faktiske forhold. Eitkvart vedtak blir fatta på riktig nivå i organisasjonen. Vi gjer oss kjent med myndigheitsstrukturen i selskapa, kjenner eigne fullmakter og opptre i samsvar med desse.

8. Vi set selskapa sine interesser først

Verksemda vår respekterer tilsette sine rettar til privatliv og private interesser, og krev openheit og lojalitet i forhold til selskapa sine interesser. Vi bruker ikkje konfidensiell informasjon til å oppnå personlege fordelar. Vi avklarar styreverv og eigarinteresser hos kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar med leiarane våre. Vi skal ikkje ha verv eller eignedelar der lojaliteten til selskapa kan trekkjast i tvil, eller som kan medføra at selskapa sitt renommé eller truverd blir trekt i tvil. Dersom inhabilitet oppstår elles, er det vår plikt på eige initiativ å varsle om forholdet.

9. Vi respekterer at informasjon er underlagt teieplikt

Vi har teieplikt om kundar, medarbeidarar, leverandørar og andre sine personlege eller forretningsmessige forhold, som vi får kjennskap til gjennom arbeidet vårt. Dette gjeld opplysingar om forretningsmessig drift, sikkerheitsmessige forhold, personopplysingar og forhold som er av intern og/eller fortruleg art. Teieplikta gjeld både i høve til omverda og ovanfor kollegaer som ikkje har trong for opplysingane i arbeidet sitt. Vi gir ikkje opplysingar underlagt teieplikt til tredjepart utan samtykke frå den som er beskytta, eller der dette er heimla i lov eller forskrift. Teieplikta er ikkje til hinder for varsling om kritikkverdige forhold.

10. Vi forvaltar informasjon og IT-system på ein ansvarleg måte

Alsaker Fjordbruk behandlar og bruker informasjon, IT-system og internett-tenester på ein ansvarleg og profesjonell måte. Elektroniske data som er lagra i Alsaker Fjordbruk sine IT-system er konsernet sin eigedom.

11. Vi har god internkontroll med rekneskapsinformasjon og kvalitet i prosessane

Vi sørgjer for god internkontroll i dei prosessane vi er involvert i, ved at vi gjennomfører kontrolltiltak i.h.h.t dokumenterte retningslinjer og revisjon.

12. Vi tek vare på selskapa sine eignedelar

Selskapa sine eignedelar blir ivareteke og sikra på ein god måte. Vi bruker ikkje selskapa sine eignedelar til personlege føremål med mindre dette er avklart i arbeidsforholdet eller er eit resultat av reglar og retningslinjer.

13. Vi har nulltoleranse for korrupsjon, smørjing, kvitvasking og terrorfinansiering

Korrupsjon, smørjing, kvitvasking og terrorfinansiering trugar rettsstaten, demokratiet og menneskerettane, undergrev godt styresett, sosial rettferd, vrir konkurranse, hindrar økonomisk utvikling og utgjer ein fare for stabiliteten i demokratiske institusjonar og moralske grunnlag i samfunnet. I Alsaker Fjordbruk har vi nulltoleranse for korrupsjon, og alle tilsette er forplikta til å følgja lover og reglar som er innførte for å kjempa mot korrupsjon og smørjing (bestikking). Dette betyr at vi ikkje tilbyr eller tek imot pengegåver eller andre økonomiske godtgjersler i den hensikt å skaffa personlege eller forretningsmessige fordelar for oss sjølv eller andre. I selskapa tek vi avstand frå alle formar for kvitvasking og terrorfinansiering, og vi gjer det vi kan for å unngå at finansielle transaksjonar der verksemda vår er part blir nytta av andre til å kvitvaske pengar.

14. Vi er forsiktige med gåver og andre fordelar

Vi er varsame når det gjeld å ta imot eller gje gåver. Vi tek ikkje imot gåver eller anna form for godtgjersle dersom det er grunn til å tru at målet er å påverka forretningsmessige vedtak. Dersom nokon har mottatt gåve eller fordel med verdi over kr 500,-, skal mottakaren rådføra seg med sin næraste overordna.

15. Vi legg til rette for rettferdig konkurranse

Konkurranse får verksemder til å utvikla attraktive produkt og fører til at kundane får eit betre tilbod av varer og tenester med høgare kvalitet.

Verksemda vår vil ikkje i strid med konkurranselovgevinga:

- inngå i samarbeid med konkurrentar, leverandørar eller kundar som avgrensar konkurransen,
- dela eller ta imot forretningsstrategisk informasjon til skade for konkurransen eller
- misbruka ei dominerande stilling til å stengja ute konkurrentar eller ta høgare prisar.

Arbeidsmiljø

16. Vi tek helse, arbeidsmiljø og sikkerheit på alvor

Alsaker Fjordbruk skal vera ein trygg arbeidsplass. HMS sikrast blant anna gjennom førebyggjande tiltak og effektiv internkontroll. Selskapa våre skal tilfredsstilla nasjonale og internasjonale standardar innan helse, arbeidsmiljø og sikkerheit. Vi er alle ansvarlege for å bidra til å oppnå desse målsettingane, samt bidra til eit psykososialt godt arbeidsmiljø i verksemda.

17. Vi fremjar likestilling og mangfald

Verksemda vår er kjenneteikna av respekt og like moglegheiter for alle gjennom eit profesjonelt, positivt og inkluderande arbeidsmiljø. Vi ønskjer å stimulera alle tilsette, uavhengig av kjønn, nasjonalitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering, alder eller politisk ståstad, til fagleg og personleg vekst, medansvar og utnytting av eigne ressursar. Vi er alle ansvarlege for å bidra til at diskriminering av kollegaer eller seksuelt press ikkje finn stad på arbeidsplassen.

18. Vi har eit rusfritt arbeidsmiljø

Vi har eit rusfritt arbeidsmiljø og tolererer ikkje at arbeidskollegaene våre er rusa i arbeidssituasjon.

19. Vi avstår frå kjøp av seksuelle tenester

Som selskap tek vi avstand frå kjøp av seksuelle tenester i samband med arbeid, oppdrag og forretningsreiser.

20. Vi har rett og plikt til å sei ifrå om kritikkverdige forhold

Vi oppfordrar alle til å melda frå om forhold som ikkje er som dei bør. Varsling bør skje til næraste overordna, alternativt kan ein ta kontakt med verneombod, tillitsvalde eller konsernleiing. Leiinga skal beskytta dei som varslar, og ta aktivt initiativ til å retta opp kritikkverdige forhold. Vi har særskilde rutinar for varsling.

21. Oppfølging og ansvar

Det er styret, via dagleg leiar/driftsleiar/driftssjef, som har det overordna ansvaret for dei etiske retningslinene, og for at desse blir følgt.

Den enkelte tilsette pliktar å gjera seg kjend med dei bestemmelsar og instruksar som til einkvar tid gjeld for vedkommande si stilling, og har eit personleg ansvar for å følgja retningslinene. Som leiar har du ansvar for å sikra at retningslinene er kjend og følgt innanfor ansvarsområdet ditt. Du som leiar skal også vera eit

føregangseksempel. Dersom det skjer brudd på retningslinene, eller det utviklar seg ein uheldig sedvane/kultur i verksemda skal du sørge for at dette blir tatt opp med leiinga umiddelbart.

22. Konsekvensar ved brot på retningslinene

Brot på desse retningslinene og instruksjonar gjeve i tilknytning til retningslinene, kan medføre disiplinære tiltak i form av advarsel, oppseiing eller avskjed. I samband med dette har alle leiarar eit særskild ansvar for å bidra til beskyttelse av tilsette som avdekkar og rapporterer kritikkverdige forhold.

Leverandørar og samarbeidspartnarar

Alsaker Fjordbruk forventar at leverandørane våre opererer i samsvar med internasjonale standardar for menneskerettar, arbeidstakarrettar, dyrevelferd, klima, miljø og antikorrupsjon.

Dersom leverandøren har ein negativ påverknad på menneskerettane, så må desse problema takast opp og utbetrast.

Alsaker Fjordbruk vil gjennomføre risikovurdering av leverandørar til konsernet. Kvar leverandør må kunne svara på spørsmål og vera tilgjengeleg for revisjon.

23. Menneskerettane og etisk handel

Verksemda vår forventar at leverandørar og samarbeidspartnarar avstår frå brot på menneskerettane, som skildra i FN si verdserklæring for menneskerettar. Verksemdar som vi har avtaler med skal følgja prinsippa for etisk handel. Etisk handel skal forhindre barnarbeid, seksuelt misbruk av barn, tvangsarbeid og diskriminering. Etisk handel skal fremja trygge arbeidsplassar og regulære tilsetjingar med arbeidskontraktar.

24. Arbeidsforhold

Vi krev at leverandørar og samarbeidspartnarar følgjer lokale, nasjonale og internasjonale reglar som gjeld ordna arbeidsforhold og helse, miljø og sikkerheitsforskrifter.

25. Fiskevelferd og biosikkerheit

Vi forventar at leverandørar som skal delta i fiskehandtering og fisketransport, sørgjer for opplæring i fiskevelferd, rømingssikring, hygiene og biosikkerheit i tråd med krav i forskrift for IK Akvakultur.

26. Berekraft

Vi forventar at leverandørane våre skal opptre som ansvarlege samfunnsaktørar, og drive i tråd med dei lover og reglar som gjeld. Verksemdene skal gjera det dei kan for å ivareta miljøet og sørge for at det blir forvalta på ein slik måte at det også kjem til nytte for dei komande generasjonar.

27. Miljømål og rapportering på berekraft

Vi oppmodar alle leverandørar til å utarbeida ein berekraftstrategi for si verksemd. Den overordna berekraftstrategien bør innehalda informasjon om kva berekraftsmål verksemda har prioritert å setja søkelys på. Vi oppmodar til at leverandøren årleg reflekterer over verksemda sitt karbonavtrykk samt kontinuerleg jobbar med reduksjon.

28. Etisk verksemd

Vi krev at leverandørar og samarbeidspartnarar driv i samsvar med alle relevante lover og reglar for etisk forretningspraksis, mellom anna at det blir teke avstand frå alle former for økonomisk kriminalitet.

(Vedteke av styret i Alsaker AS 21. juni 2024)